

GROTLE GAMLE KYRKJEGARD

Arkeologisk overvaking i samband med reparasjon av kyrkjegardsmur

Reinsnos, Ambjørg





Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)
 Storgata 2, Postboks 736 Sentrum, 0105 Oslo
 Telefon: 23 35 50 00
www.niku.no

Tittel Grotle gamle kyrkjegard Arkeologisk overvaking i samband med reparasjon av kyrkjegardsmur	Rapporttype/nummer NIKU Rapport 220	Publiseringsdato 09.06.2023
	Prosjektnummer 1022522	Sider 18
	Avdeling Arkeologi	Tilgjengelighet Åpen
Forfatter(e) Reinsnos, Ambjørg	ISSN 2703-7797 ISBN 978-82-8101-366-7	Oppdragstidspunkt / periode utført 24.-25.04.2023
	Forsidebilde Kyrkjegardsmuren rundt Grotle gamle kyrkjegard, foto mot nordvest. Fotograf Ambjørg Reinsnos.	

Prosjektleder Ambjørg Reinsnos
Prosjektmedarbeider(e) Skriv her
Kvalitetssikrer Rory Dunlop

Oppdragsgiver / finansiert av Bremanger kommune
--

Sammendrag I samband med reparasjon av eit 10 meter langt parti av kyrkjegardsmuren på Grotle gamle kyrkjegard, Bremanger kommune, gjennomførte NIKU arkeologisk overvaking på staden. Overvakinga vart gjennomført 24-25. april 2023. Fleire av grunnsteinane/fundamentsteinane i den originale muren vart fjerna, og i det nordvestre hjørnet vart det grave inntil 10 cm djupt for å stabilisere grunnen og dei nye fundamentsteinane som vart lagt ned. Det vart ikkje påvist automatisk freda leivningar eller strukturar ved den arkeologiske overvakinga.
Abstract Enter here.

Emneord Kirkegård, graver, Bremanger, middelalder, mur, kirkegårdsmur, middelalderkirkegård,
Keywords Churchyard, graves, medieval, wall,

Kontorleder
 Rory Dunlop

Saksnummer hos forvaltningsmyndighet	Digisak-ID 161972
Kulturminne-ID	45771
Lokalitetsnavn	Grotle gamle kyrkjegard
Gnr/bnr.	12/7
Adresse, kommune, fylke	Grotle Indre, Bremanger kommune, Vestland fylke
Aksesjonsnummer	-
Museumsnummer	-
Intrasis-prosjektnummer	-
Foto-/filmnummer	-
Tilstedeværelse av automatisk fredede kulturminner	Nei

Innholdsliste

1	Innleiing	9
2	Omsøkt tiltak	9
3	Historikk og faglege problemstillingar	12
3.1	Historikk	12
3.2	Faglege problemstillingar	12
4	Metode og gjennomføring	14
5	Resultat	17
6	Konklusjon	17
7	Litteraturliste	18

1 Innleiing

Bremanger kommune søkte 01.12.2022 Vestland fylkeskommune om dispensasjon frå kulturminnelova med heimel i § 8.1 for tre ulike tiltak på Grotle gamle kyrkjegard, Bremanger kommune (Kulturminne-id 45771, sjå Figur 1). Dei tre tiltaka omfatta reparasjon av porten inn til kyrkjegarden, oppsetjing av eit informasjonsskilt, og reparasjon av ein avgrensa del av kyrkjegardsmuren. Vestland fylkeskommune gav dispensasjon i saka i brev datert 06.02.2023. Dispensasjonen vart gitt med vilkår om arkeologisk overvaking av eitt av tiltaka; reparasjon av kyrkjegardsmuren. Riksantikvaren vedtok NIKU sitt budsjett med heimel i § 10 i kulturminnelova i brev datert 27.01.2023.

Den arkeologiske overvakinga vart gjennomført 24.-25. april 2023 av arkeolog Ambjørg Reinsnos ved NIKU Distriktskontor Bergen. Murar var Knut Orheim. Saka har Digisak-id 163292.

2 Omsøkt tiltak

Det omsøkte tiltaket som skulle overvakast av arkeolog omfatta utbetring av det nordvestre hjørnet på kyrkjegardsmuren, eit strekk på om lag 10 meter (sjå Figur 2). Arbeidet skulle gjennomførast ved at torva på muren vart fjerna, den ytre delen av muren vart tatt ned, og det skulle leggjast eit fundament av grus før muren vart bygd opp att. Ein skule grave seg ned på grunnsteinane i murfoten, og sørge for at desse låg stabilt som grunnlag for det vidare arbeidet. Mellom indre og ytre mur skulle det fyllast med grus og eventuelt eksisterande masse, og den indre delen av muren (mot kyrkjegarden) skulle liggje slik den var. Torva skulle leggjast attende på muren.

I søknaden var det vidare presisert at dersom det viste seg under arbeidet at den indre muren ikkje var stødig, kunne den støttast opp, eller ein kunne vere nøydd til å også ta ned denne delen av muren.



Figur 1. Det automatisk freda kulturminnet Grotle gamle kyrkjegard, kulturminne-id 45771 (Kart frå Askeladden.ra.no).



Figur 2. Flyfoto over Grotle gamle kyrkjegard, strekket av muren som vart reparert er vist med raud skravur.



Figur 3. Nordvestre hjørnet av kyrkjegardsmuren, før nedtaking. Foto: Reidun Øvrebotten, Bremanger kommune.



Figur 4. Nordvestre hjørnet av kyrkjegardsmuren, før nedtaking. Mot aust (biletet til venstre) og sør (biletet til høgre).
Foto: Reidun Øvrebotten, Bremanger kommune.

3 Historikk og faglege problemstillingar

3.1 Historikk

Området som vert råka av tiltaket, Grotle mellomalderkyrkjegard (kulturminne-id 45771), er freda etter lov om kulturminner av 9. juni 1978.

Følgjande opplysningar om kyrkjestaden er henta frå Askeladden.ra.no:

«Eldste omtale av kirken er ca. 1330 (kirkian a Grøle/Grazzle, BK 9a, 20b, reg.). Kirken skal ha stått litt nordøst for den nåværende kirkegårdsmuren, og den eldste kirken skal ha vært en stavbygning som i 1652 fikk bygd til to korsarmer i tømmer slik at den fra da av fikk et korsformet grunnplan. I 1665-67 ble kirken "skordet opp" med 3 skorer à 14 alen, disse ble fornyet og forøket i antall utover på 1670- og 80 tallet. Denne kirken ble i 1695 erstattet med en liten langkirke i tømmer, reist i det nordvestre hjørnet av nåværende kirkegård. Da kirken ble revet i 1865 ble materialene året etter solgt ved auksjon og gjenanvendt til bygging av krambod ("brennevinskjenkestova") og tingstue i Smørhamn. Gravplassen var i bruk fram til 1901 (Joleik 1969:18ff, Steinhovden 1965). I en lokal variant over sagnet om Sunniva heter det at den ene av de tre søstrene dreiv i land på Bergeneset på Grotle.»

I samband med opptaking av gravsteinar på kyrkjegarden i 1998 var det gjort funn av menneskebein innanfor 30 cm djupne under overflata. Gravinga og funna som vart påvist vart ikkje arkeologisk dokumentert. Beina vart lagt ned att i dei oppgravne hola (Trædal 2006:17-27). Det er ikkje kjend kor mange punkt som vart grave.


NIKU gjennomførte georadarundersøkingar på og ved kyrkjegarden hausten 2022 (Kristiansen & Gabler 2022). I det nordvestre hjørnet av kyrkjegarden, både innfor kyrkjegardsmuren og på nordsida av denne, er det påvist kraftig reflekterande anomaliar som utifrå storleik og form er tolka som ein geologisk struktur, eller ei form for masseskifte (sjå Figur 5). Anomalien er synleg allereie ved 0-0,1 m djupne og går ned til omlag 0,5-0,6 m under overflata. Det er uklart om den reflekterande anomalien representerer påfylte massar over grunnfjellet, eller om den representerer andre geologiske forhold. Anomalien kan, i følgje rapporten, vere spor etter nyare inngrep i bakken, til dømes i samband med tidlegare utbetring av muren. Det er ikkje registrert indikasjonar på graver i dette området, men det kan heller ikkje utelukkast at anomalien representerer restar av ei eldre kyrkjegardsavgrønsing.

Omsøkt tiltak innebar at eit strekk på om lag 10 meter av kyrkjegardsmuren skulle plukkast ned og byggjast opp att. Stabil mur krev stabil grunnstein, og ein måtte difor grave seg like ned til grunnsteinane/murfoten og sørgje for at dette låg stabilt før muren vart bygd opp att. På staden kunne det påtreffast automatisk freda leivningar frå like under torva, i form av både graver, gravsteinar og kulturlag. Det var også mogleg at jordmassane i området for det no omsøkte tiltaket kunne innehalde omrota menneskebein frå heile bruksperioden til kyrkjegarden.

3.2 Faglege problemstillingar

Med utgangspunkt i prioriteringar i Riksantikvaren sitt dokument «Faglig program for middelalderarkeologi» (Johannessen & Eriksson 2015) var dei aktuelle problemstillingar for tiltaket følgjande:

- Kan ein påvise leivningar frå mellomalderen, og i så fall, kva kan desse eventuelt gje av informasjon om kyrkjestaden?
- Kan ein spore ei tidlegare utstrekning av kyrkjegarden mot nord, slik anomaliane frå georadarundersøkinga i 2022 kan vise til?



Figur 5. Tolkingskart fra georadarundersøkninga i 2022, 0-0,5 meter djupne. Anomalien i nordvest er markert med ruteskravur. Figur henta frå Kristiansen & Gabler 2022.

4 Metode og gjennomføring

Undersøkinga vart gjennomført som arkeologisk overvaking, der ein følgde arbeidet som innleigd murar gjennomførte. Graving i bakken, når fundamentsteinar måtte justerast, stabiliserast eller plasserast på nytt, vart gjort av NIKU, med krafse og graveskei.

Då NIKU kom på staden hadde murar byrja å plukka ned steinmuren, og den fremre delen var tatt ned i eit strekk på om lag 4 meter, saman med fyllsteinen i muren (sjå Figur 6-7). Fyllsteinen i muren var grov pukkstein/brotstein, raudtegl og noko jordmassar. Den indre delen av muren, inn mot kyrkjegarden, vart ikkje tatt ned.



Figur 6. Nordvestre hjørnet av kyrkjegardsmuren, då arkeolog kom på staden. Mot sør.



Figur 7. Nordvestre hjørnet av kyrkjegardsmuren, då arkeolog kom på staden. Mot aust/søraust.



Figur 8. Nordvestre hjørnet av kyrkjegardsmuren, indre del av muren, som vart ståande. Mot nord/nordvest.

Steinane i muren vart plukka ned like til grunnsteinane/fundamentsteinane. Fundamentsteinar som måtte justerast/flyttast på vart løfta ut frå grunnen, og massen under desse vart reinsa fram og dokumentert av arkeolog. Det vart grave noko i grunnen enkelte stader for å jamne ut denne slik at grunnsteinane vart stabile. På det djupaste, i det nordvestre hjørnet, vart det grave om lag 10 cm (sjå Figur 9-10). Massane var lys brun, fin, sandblanda jord, med nokre få fragment av trekol. Det vart ikkje gjort funn av menneskebein, in situ-graver eller andre før-reformatoriske strukturar eller kulturlag under arbeidet. Muren vart bygd opp att etter at arkeolog var reist frå staden (sjå Figur 11).



Figur 9. Fjerning av grunnsteinar i hjørnet av kyrkjegardsmuren, utjamning av grunnen og plassering og stabilisering av nye steinar.



Figur 10. Nordvestre hjørnet av kyrkjegardsmuren, etter at arbeidet med å leggje ned nye grunnsteinar er påbyrja. Mot søraust.



Figur 11. Muren etter at dei nedste sjikta er mura oppatt. Mot søraust. Foto: Reidun Øvrebotten, Bremanger kommune.

5 Resultat

Fleire av grunnsteinane/fundamentsteinane i kyrkjegardsmuren vart fjerna, og det vart grave inntil 10 cm djupt under fundamentsteinane i det nordvestre hjørnet av kyrkjegardsmuren. Det vart ikkje påvist automatisk freda leivningar eller strukturar ved den arkeologiske overvakinga.

6 Konklusjon

I samband med reparasjon av eit 10 meter langt parti av kyrkjegardsmuren på Grotle gamle kyrkjegard, Bremanger kommune, gjennomførte NIKU arkeologisk overvaking på staden. Overvakinga vart gjennomført 24-25. april 2023. Fleire av grunnsteinane/fundamentsteinane i den originale muren vart fjerna, og i det nordvestre hjørnet vart det grave inntil 10 cm djupt for å stabilisere grunnen og dei nye fundamentsteinane som vart lagt ned. Det vart ikkje påvist automatisk freda leivningar eller strukturar ved den arkeologiske overvakinga.

Feltarbeidet er registrert i Askeladden på id 45771-1. Verken gjenstandar eller prøver vart samla inn. Foto ligg berre i rapporten, og er ikkje lasta opp til MUSIT.

7 Litteraturliste

Johannessen, L. & Eriksson, J.-E. G., 2015. Faglig program for middelalderarkeologi. Byer, sakrale steder, befestninger og borger. Riksantikvaren.

Kristiansen, M. & M. Gabler 2022: Georadarundersøkelse på lokID 45771, gbnr 12/7, Bremanger kommune, Vestland fylke. NIKU Rapport 122.

Trædal, V. 2006: Grotle gamle gravplass, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane. Evalueringsrapport om restaureringsprosessen ved kirkegården 1998-2006, med forslag til videre tiltak.

Norsk institutt for kulturminneforskning er et uavhengig forsknings- og kompetansemiljø med kunnskap om norske og internasjonale kulturminner.

Instituttet driver forskning og oppdragsvirksomhet for offentlig forvaltning og private aktører på felter som by- og landskapsplanlegging, arkeologi, konservering og bygningsvern.

Våre ansatte er konservatorer, arkeologer, arkitekter, ingeniører, geografer, etnologer, samfunnsvitere, kunsthistorikere, forskere og rådgivere med spesiell kompetanse på kulturarv og kulturminner.

www.niku.no

NIKU Rapport 220

NIKU hovedkontor
Storgata 2
Postboks 736, Sentrum
0105 OSLO
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Tønsberg
Farmannsveien 30
3111 TØNSBERG
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Bergen
Dreggsallmenningen 3
Postboks 4112, Sandviken
5835 BERGEN
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Trondheim
Kjøpmannsgata 1b
7013 TRONDHEIM
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Tromsø
Framsenteret
Hjalmar Johansens gt. 14
9296 TROMSØ
Telefon: 77 75 04 00